

STEINGRIMSTEIGEN (via Lines – Nesheimslia)

Høgdemeter over havet: 184 m

Lengde: ca 1,6 km

Tid: 0.5-1 time i moderat tempo

Gradering: lett tur

Vegskildring: Kjør Åsingavegen langs Granvinsvatnet og parker bilen ved Sellandsteigen, før du kryssar sykkestien. Når Hardangerbana var i drift stoppa toget her, og folk i grenda kalla plassen for Stoppen. Her startar turen, du skal gå ca 800 meter langs sykkelstien i retning Voss opp til Lines, det er raud merking heile vegen. Ved Lines forlet du gang- og sykkelstien og går opp kjerrevegen ved skiltet Steingrimsteigen. Stien går i retning Selland. Du passerer først to utløer og fortset oppover og inn i Nesheimslia. Her blir det litt brattare, det er lett stigning heile vegen. Stien er ein gammal hestekjerreveg som folka på Nesheim brukte før i tida når dei slo gras og henta høy i Nesheimslia. Det er fleire utløer langs stien. Det er god, tydeleg sti med utsikt over Granvinsvatnet mellom trea. Nedanfor Steingrimsteigen må du over ein bekk som kan verta stor om våren. Etter bekken går du opp bakkane i Steingrimsteigen, og her heng kassa på eit tre.
OBS IKKJE GÅ INN I HUSET.

Turalternativ 1: Du tar samme veg tilbake, men det anbefalast å ta eit bad i Granvinsvatnet ved Lines.

Alternativ 2: Sykla til Lines langs gang- og sykkelstien før du går opp til Steingrimsteigen.

Turutstyr badetøy

Turskildringar ligg på heimesida til Granvin turlag: www.granvin-turlag.no

GOD TUR!